

**Sakshandsamar:**

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 58

Vår ref.

Sak nr.: 14/319-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

1487/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 14.01.2014

Sogn Villaksråd
v/Bjørn Vike

5745 Aurland

Svar - Søknad om tilskot til lakselusovervaking i 2014

Syner til søknad datert 11.01.2014 med førespurnad om tilskot på kr. 100 000 til overvaking av lakselus på to lokalitetar i Sognefjorden vinter, vår og haust 2014.

Det er kjent at det er store kunnskapsmanglar i det marine miljø, og det er flott med initiativ frå engasjerte grupper for å få på plass meir kunnskap. Vidare er sjøauren ein utsett art som fortener merksemd i så måte.

Difor har også fylkeskommunen gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane i 2012 løyvd kr. 3 mill. kroner til eit treårig prosjekt i regi av Lærdal Elveigarlag og NIVA AS på vandringsmønster til sjøaure, og fondet har også i 2013 opna for midlar til kartlegging av vandringsmønster til sjøaure frå Årdal og Fortun i 2013-2015. Midlar frå fondet skal etter vedtektene nyttast til større (omfattande og fleirårige) satsingar på berekraftig vekst av akvakulturnæringa i fylket. Akvakulturnæringa i fylket meiner at prosjekta nemnd over ligg på grensa for det fondet bør støtte, så det ligg litt «i korta» at sjøaure ikkje vert den neste, tunge satsinga gjennom fondet.

De har tidlegare (2013) søkt om støtte på kr. 25 000 til same tiltaket. Fylkeskommunen gav avslag, m.a. med grunngjeving at fagkompetansen ved Havforskningsinstituttet (HI) ikkje finn at kostnadane ved prosjektet står i høve til kva ein får att. Som vi har sagt i telefonsamtaler i samband førre søknad, meiner vi også at om ein vil gjere slike registreringar, bør det i utgangspunktet vere eit fleirårig prosjekt. Søknaden gjeld for året 2014.

Prosjektet har så svak tilknytning til næringsutvikling at vi ikkje finn at det høyrer naturleg inn under våre satsingar. Vi finn difor at vi ikkje kan støtte dette prosjektet økonomisk.

Vi rår til at de tek kontakt med NIVA for å kartlegge om denne kartlegginga kan knytast naturleg opp mot dei registreringane dei gjer i Sognefjorden gjennom sine prosjekt.

med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør

Lena Merete Söderholm
fagkoordinator havbruk/fiskeri

